

ÅRSMELDING 1978

avd. Valestrand.

Gruppestyre avd. Valestrand 1978.

Formann: Reidar Naustdal

Nestform: Svein Raknes

Kasserer :Ann-Mari Øksnes

Skrivar: Målfrid Reigstad

Styremedl:Ottar Tepstad

Klara Skaar

Gruppa har hatt 9 styremøte.

Det har i 1978 vore bra framgang innen idretten på Valestrand. Dette er nok bygda å takka for den gode innsatsviljen dei har synt innen dugnad og økonomisk hjelp til idrettsbana. Det har vore herretrim, håndball for jenter og damer, fotball for gutar og menn, friidrett for born og vaksne. Friidretten har arbeidt tungt, men er frå høstsesongen tok til kome godt i gang med god oppslutnad, og gode trenarar. Me vil understreka at behov for å få folk ut på instruktørkurs er stort innen gruppene, og at dei er viljuge å gå inn i laget etter endt kurs som instruktør, slik at dei trenarar som er i god gang kan få støtte.

Ellers har gruppa arbeidt sterkt økonomisk med bra resultat av loddsalg og vellukka tilskipingar av bygdakveldar.

Styret vil ved dette takka aktive og instruktørar for god innsatsvilje gjennom året, og vonar på god oppslutnad komande sesong.

Målfrid Reigstad
skrivar.